ALVER
KOMMUNE

# Innkalling
# av
# Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 12.10.2021
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug
**Møtetid:** 11:30 - 20:00

Eventuelle forfall må meldast til https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Diverse merknader:
Kl. 11:30 - 12:00 Presentasjon av Nordhordland kristne grunnskule v/Gunn S. Knudsen-rektor
-Møtet vert streama.

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 055/21 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 056/21 | Godkjenning av møteprotokoll – 31.08.2021 |
| 057/21 | Tilskot idrettsprosjekt haust 2021 |
| 058/21 | Tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur hausten 2021 |
| 059/21 | Kulturprosjekt - tildeling haust 2021 |
| 060/21 | Høyringssvar - forskrift for tilskot til frivilligsentraler |
| 061/21 | Flaggreglement for Alver kommune |
| 062/21 | Meldingar og orienteringar til OKK - 12.10.2021 |

5. oktober 2021

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 05.10.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 055/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 12.10.2021 |

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 24.09.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 056/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 12.10.2021 |

**Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 31.08.2021 | Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur - 31.08.2021 | 1604013 |

# Møteprotokoll
# for
# Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 31.08.2021
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug
**Møtetid:** 12:00 - 15:00

Diverse merknader:
Presentasjon av to private skular i Alver: Danielsen ungdomsskule v/Cato Risøy-rektor og Skodvin montessoriskule v/Monica Thomassen Waage-rektor

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Christel Villanger Håland | H | Utvalsleiar |
| Thea Risøy | KRF | Nestleiar |
| Laila Bjørge | SP | Medlem |
| Jon Askeland | SP | Medlem |
| Jostein Borlaug | AP | Medlem |
| Hege Nygård Dale | UAVH | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Svein Hagesæter | UAVH | Medlem |
| Torbjørn Taranger | SV | Medlem |
| Andre Fresvik | SV | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem |
|---|---|---|
| Yngve Walaker | UAVH | Svein Hagesæter |
| Marie Morken (kom til sak 054/21) | SV | Torbjørn Taranger |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**
Eirik B. Utne-kultursjef, Jan Ove Johansen-tenesteleiar skule, Kaia Marie Amdal-rådgjevar Plan og analyse, Kristin Moe-kommunalsjef, Robert Lorang Hansen-konsulent Kultur, Nora Gjerde-sekretær.

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 047/21 | Godkjenning av  innkalling og saksliste |
| 048/21 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 049/21 | Referatsaker |
| 050/21 | Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver |
| 051/21 | Forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver |
| 052/21 | Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner |
| 053/21 | Årsmelding Alver ungdomsråd 2020-2021 |
| 054/21 | Meldingar og orienteringar til OKK - 31.08.2021 |

**047/21: Godkjenning av  innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:**

**Behandling:**

Endring rekkefølge saksliste:  Sak 054/21 vart handsama før sak 047/21.
Ellers ingen merknader, samrøystes

**OKK- 047/21 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**048/21: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:**

**Behandling:**

Møteprotokoll frå møte - 08.06.2021 vert godkjent, samrøystes

**OKK- 048/21 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte - 08.06.2021 vert godkjent.

## 049/21: Referatsaker

Meldinga vert teke til orientering.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:**

**Behandling:**

Merknad: Det vart stilt spørsmål om kvifor desse sakene er med i innkallinga, denne prosessen vert avklart i neste utvalsleiarmøte.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

**OKK- 049/21 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

## 050/21: Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Forskrift om ordensreglement for dei offentlege grunnskulane i Alver kommune blir vedtatt slik den ligg føre. Forskrifta er gjeldande frå vedtaksdato.

**Ungdomsråd 30.08.2021:**

**Behandling:**

**UR- 035/21 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes vedteke

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 050/21 Vedtak:**

Forskrift om ordensreglement for dei offentlege grunnskulane i Alver kommune blir vedtatt slik den ligg føre. Forskrifta er gjeldande frå vedtaksdato.

## 051/21: Forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Forskrift om ordensreglement for SFO og leksehjelp ordninga i dei offentlege grunnskulane i Alver kommune blir vedtatt slik den ligg føre. Forskrifta er gjeldande frå vedtaksdato.

**Ungdomsråd 30.08.2021:**

**Behandling:**

**UR- 036/21 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes vedteke

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 051/21 Vedtak:**

Forskrift om ordensreglement for SFO og leksehjelp ordninga i dei offentlege grunnskulane i Alver kommune blir vedtatt slik den ligg føre. Forskrifta er gjeldande frå vedtaksdato.

**052/21: Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner retningslinene for tilskotsordningar til kultur og idrett, slik dei ligg ved saka.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.08.2021:**

**Behandling:**

**Fellesframlegg v/Reidar Knutsen:**
RMNF verdset at tiltak retta mot menneske med nedsett funksjonsevne er mellom dei som skal prioriterast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 032/21 Vedtak:**

RMNF verdset at tiltak retta mot menneske med nedsett funksjonsevne er mellom dei som skal prioriterast.

**Ungdomsråd 30.08.2021:**

**Behandling:**

**UR- 033/21 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Samrøystest vedteke

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 052/21 Vedtak:**

**Innstilling i OKK - 31.08.2021:**
Alver kommunestyre godkjenner retningslinene for tilskotsordningar til kultur og idrett, slik dei ligg ved saka.

**053/21: Årsmelding Alver ungdomsråd 2020-2021**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Årsmeldinga frå Alver ungdomsråd er teke til orientering

**Ungdomsråd 30.08.2021:**

**Behandling:**

Alver ungdomsråd gjekk gjennom punkta dei ynskte å ha med i årsmeldinga. Dei vart samde om at leiar, nestleiar og sekretær for rådet ferdigstiller årsmeldinga før den vert presentert monaleg i utval for oppvekst, kunnskap og kultur og kommunestyret.

**UR- 034/21 Vedtak:**

Leiar, nestleiar og sekretær for rådet ferdigstiller årsmeldinga med dei punkt som rådet vart samde om i møtet. Årsmeldinga vert presentert monaleg av leiar eller nestleiar i utval for oppvekst, kunnskap og kultur og kommunestyret. Samrøystes vedteke

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:**

**Behandling:**

Orientering til årsmeldinga v/Edas Kondrotas-nestleiar i Ungdomsrådet
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 053/21 Vedtak:**

**Innstilling i OKK - 31.08.2021:**

Årsmeldinga frå Alver ungdomsråd er teke til orientering

**054/21: Meldingar og orienteringar til OKK - 31.08.2021**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Meldingar vert tekne til orientering

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:**

**Behandling:**

Følgjande orienteringar vart gjevne i møtet:

1. Kommunedelplan for Oppvekst – status i planarbeidet v/Kristin Moe-kommunalsjef
2. Status drifts- og tilsynsavtalar kommunale idrettsanlegg v/Eirik Utne-kultursjef
3. Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - løypemelding i planarbeidet - v/Kaia Marie Amland-rådgjevar Plan og analyse

Meldingar vert tekne til orientering, samrøystes

**OKK- 054/21 Vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-C00, FE-223 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 29.09.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 057/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 12.10.2021 |

## Tilskot idrettsprosjekt haust 2021

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 60 000,- slik det kjem fram av saka.

**Politisk handsaming**
Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Bakgrunn**
Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet. Sjølv om det i kommunestyret 16.september 2021 vart vedtekne endringar i retningslinene for tilskotsordningar var dei gamle retningslinene framleis gjeldande då fristen for denne ordninga gjekk ut 1.september 2021.

Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er 7 700 000 kr i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2020 var tilsvarande ramme kr 7 700 000
Denne saka gjeld fordeling av midlar som skal støtte prosjekt innan kultur- og idrettsfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr som hadde søknadsfrist 01.09.2021.
Det er sett av 60 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden.

Saka har vore på høyring til idrettsrådet.

**Saksopplysninger:**
Uttale idrettsråd
Alver idrettsråd sluttar seg til kommunen si innstilling i saka.

Vurdering
Innstillinga er utarbeida etter tidlegare vedtekne retningslinjer for denne tilskotsordninga.

Innstilling

| Søkjar | Totaltkost. | Søknadssum | Innstilling | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Seim skyttarlag | 7 910 000,- | 100 000,- | 0 | Søker tilskot til fullføring av ny miniatyrbane i Kjevikdalen. |
| Nordhordland BK | 101 478,- | 60 000,- | 10 000,- | Søker tilskot til innbytarbenker, Knarvik stadion (grasbana). |
| Radøy FK | 375 000,- | 375 000,- | 10 000,- | Søker tilskot til 3'ar baner. |
| Meland motorsportklubb | 56 400,- | 50 000,- | 15 000,- | Søker tilskot til ny lånesykkel + nytt sikkerheitsutstyr. |
| Meland Motorsportklubb | 350 000,- | 300 000,- | 0 | Søker tilskot til ny traktor til preparering av baneområdet. |
| Meland | 150 000,- | 100 000,- | 0 | Søker tilskot til |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| motorsportklubb | | | | maskinskjul/garasje til oppbevaring av utstyr som vert brukt til vedlikehald og preparering av baneområdet |
| Hordabø IL | 50 000,- | 40 000,- | 10 000,- | Søker tilskot til forprosjekt «utvida aktivitetstilbod for menneske i alle aldre, men hovudvekt for barn og unge» |
| Knarvik IL | 550 000,- | 100 000,- | 15 000,- | Søker tilskot til fornying av løypepreparingsutstyr, samt løypeutbetring i Hopsdal. |
| **Sum** | **9 542 878,-** | **1 125 000,-** | **60 000,-** | |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-C00, FE-223 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 24.09.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 058/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 12.10.2021 |

## Tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur hausten 2021

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur slik det går fram av saka.

**Politisk handsaming**
Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

**Bakgrunn**
Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordingar innan kultur- og idrettsfeltet. Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er 7 700 000 kr i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2020 var tilsvarande ramme kr 7 700 000

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur, som hadde søknadsfrist 1. september. Retningslinene seier at ordninga skal støtta kulturvernarbeid, samlingar og ivaretaking av lokal immateriell kultur. Det er sett av 100 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden.

Saka har vore på høyring til kulturrådet.

**Saksopplysninger:**

| Søkjar | Tiltak og vurdering | Kostnad | Søkanadssum | Tilskot |
|---|---|---|---|---|
| Radøy sogelag | Radøy sogelag søkjer tilskot til innsamling og digitalisering av eldre filmopptak frå Radøy. Dete er eit viktig tiltak for å dokumentera vår nyare historie som elles vil stå i fare for å gå tapt. | 69000 | 25000 | 25000 |
| Nord- og Midhordland sogelag | Nord- og Midhordland sogelag har ansvar for Bogatunet og Syltastova. Bogatunet består av eit freda våningshus og ei verna løe. Laget held på å leggja inn toalett i løa for å kunna bruka bygningane meir. Dei søkjer tilskot til gravearbeid til brønn og rørleggjararbeid. Tiltaket fell utanfor retningslinene for denne ordninga. Dei bør oppfordrast om å søkja tilskot frå ordinga Mindre investeringar ved lokale kulturbygg, som har søknadsfrist 15. november. | 150000 | 150000 | 0 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sissel Anny Hjelmtveit | Sissel Anny Hjelmtveit søkjer om tilskot til trykking av hefte om Isdalstø. Tiltaket vil dokumentera og gjera tilgjengeleg kunnskap om Isdalstø i farne tider. Tilskotet bør ikkje utgjera meir enn 50 % av kostnadene i prosjektet. | 3000 | 2000 | 1500 |
| Stifinga Museumssenteret i Hordaland | Stiftinga Museumssenteret i Hordaland søkjer tilskot til forprosjektet "Samle trådar - tekstil kulturarv i Nordhordland". Prosjektet skal skapa møteplassar, innovative samarbeidsmodellar og kompetansebygging mellom ulike aktørar for å ivareta og utvikla den tekstile kulturarven i eit berekraftsperspektiv med utgangspunkt i Nordhordland biosfæreområde. Dette er et spanande prosjekt som vil bidra til å ivareta våre lokale handverkstradisjonar. | 500000 | 100000 | 54750 |
| Holsnøy kystlag | Holsnøy kystlag søkjer tilskot til første fase i eit prosjekt som går på rehabilitering av naustmiljøet i Kårbøvågen. Dei søkjer midlar til utarbeiding av ei skisse for naustmiljøet i vågen. Tiltaket fell, slik det er skissert, utanfor retningslinene for denne tilskotsordninga og det går ikkje fram av søknaden korleis eit evt tilskot skal nyttast. Om søknaden skal flyttast til ordninga Tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne i privat eige må grunneigarar koplast på. Administrasjonen har vore i kontakt med søkjar og oppfordra dei til å utvida prosjektet til å også omhandla dokumentasjon og formidling og søkja på nytt 15. november. | 30000 | 20000 | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| | **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-C00 |
| | **JournalpostID:** | |
| | **Sakshandsamar:** | |
| | **Dato:** | 24.09.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 059/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 12.10.2021 |

## Kulturprosjekt - tildeling haust 2021

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner rådmann sitt framlegg til Kulturprosjekt – tildeling haust 2021

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Bakgrunn**

Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet.

Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er kr 7.700.000 i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar.

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga for kulturprosjekt som hadde søknadsfrist 01. september 2021. Tilskot til kulturprosjekt vert delt ut to gongar i året. Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast direkte tilskot eller som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant, og kan ikkje gå til arrangement som er budsjettert i underskot.

Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast direkte tilskot eller som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant, og kan ikkje gå til arrangement som er budsjettert i underskot.

**Saksopplysninger:**

Kr 284 300 ble fordelt i samband med tildeling i vår. Det er sett av kr 65.000 samband med frist 01. september. Det er søkt om totalt kr 731.734. Det inneber ein streng vurdering av søknadene.

**Alver kulturråd - Uttale frå Alver kulturråd på innstilling kulturmidlar haust 2021 datert 05.10.21**

- Alver kulturråd er nøgd med [illegible] orientering kring kulturmidlane.
- Alver kulturråd er nøgd med at kulturkontoret har ei tettare oppfølging av søknadane i høve kva som er drift og kva som er prosjekt.
- Framleis er det vanskeleg for Alver kulturråd å ta standpunkt til kulturmiddeltildelinga når det ikkje er ein historikk å samanlikne med.

**Kommentar**

- Det er lagt opp til eit førehandsmøte mellom leiar for kulturrådet og kulturadministrasjon i forkant av kulturrådet si behandling av kulturmidlar.

| Søkjar | Tiltak og vurdering | Kostnad | Søknadssum | Tilskot |
|---|---|---|---|---|
| **Musikken Venner** 21/50938 | Konsert med Bjørgvin Trio - «Ord over grind». **Avslag:** Musikkens Venner har fått driftsstøtte og prosjektstøtte tidlegare i år, operashow kr 15.000 og kr 34.000 i drift. Grunna begrensa midlar, vil ikkje dette prosjektet bli prioritert. | 33.750 | 13.750 | **0** |
| **Musikkens Venner** 21/56788 | Søkjar underskotsgaranti for konsert med Bjørgvin Trio – «Ord over grind». Underskotsgarant kr 10.000 **Avslag:** Har fått driftsstøtte og prosjektstøtte tidlegare i år, kr i operashow kr 15.000 / kr 34.000 i drift. Grunna begrensa midlar, vil ikkje dette prosjektet bli prioritert. | 33.750 | 10.000 | **0** |
| **Musikken Venner** 21/58060 | Jubileumskonsert med Ytre Suløen Jassensemble. Musikkens Venner arrangerte denne i samarbeid med Knarvikmila i september. **Avslag:** Har fått driftsstøtte og prosjektstøtte tidlegare i år, kr i operashow kr 15.000 / kr 34.000 i drift. Grunna begrensa midlar, vil ikkje dette prosjektet bli prioritert. | 80.000 | 29.000 | **0** |
| **HAVA Musikk – Hanne Vatnøy** 21/57813 | I anledning Aslaug Låstad Lygre sitt 110 års jubileum, har Hanne Vatnøy blitt invitert av Seim Songkor til å tonesette 2 dikt av Aslaug Låstad Lygre. Vatnøy ynskjer å spele inn desse digitalt, samt lage ei kunstnarleg musikkvideo i anledning jubileumskonsertane. Heile beløp er søkt Alver kommune. **Avslag:** HAVA fikk kr 10.000 i prosjekttilskot våren 2021. Grunna begrensa midlar, vil ikkje dette prosjektet bli prioritert . | 30000 | 30000 | **0** |
| **Seim indremisjon Mandags klubben 3-7 år** 21/57140 | Søknad om driftstilskot til Mandagsklubben. **Avslag:** Søkjar vert råda til å søkje driftsmidlar ved frist 15. november | 14.900 | 8.400 | **0** |
| **Manger musikklag** 21/57315 | I samband med Manger Musikklag (MML) sitt 100 års jubileum i 2022 planleggjer MML å gå samanmed fleire aktørar for å fremje tiltak retta mot barn og unge gjennom heile året. Det skal også haldast ein jubileumskonsert i Grieghallen i sept. 2022. **Avslag:** Beløpet det vert søkt om er urealistisk for Alver kommune å støtte i denne omgang. Søkjer blir råda til å søkje ved frist 15. november | 660.000 | 200.000 | **0** |
| **Nordhord-land bibelsenter** | Hvert år har ungdomsarbeidet Link en julefest som inneholder mye musikk og | 25000 | 0 | **0** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 21/57125 | underholdning. Om høsten er det også en stor ungdomskonferanse. I denne sammenheng ønsker vi å oppgraderediverse utstyr, blant annet trommer, bass og ulike kabler.<br>**Avslag:** Det går ikkje fram av søknad kva ein søkjar om. I budsjett er det berre utgifter til kiosk, pynt og utstyr. I søknaden går det fram at det er balanse i inntekter/utgifter utan tilskot | | | |
| **Nordhord-land bibelsenter**<br>21/57127 | Ungdomsarbeidet Link har en julefest hvert år hvor det er mye musikk og underholdning. I den anledning ønsker vi å oppgradere noe utstyr, som blant annet trommer, bass og diverse kabler.<br>**Grunngjeving:** Barn og unge er ein prioritert gruppe | 22.946 | 10.000 | **7.500** |
| **Radøy mållag**<br>21/57497 | Opningsarrangement under nynorskdagane i Alver kommune. Konsert/forfattartreff med Jon Hjørnevik med musikalsk fylgje fredag 24.september.<br>**Grunngjeving:** Arrangementet inngår i Nynorskdagane, som bidreg til utvikling av lokalt kulturliv og kulturell eigenverdi. | 40.000 | 15.000 | **10.000** |
| **Alversund musikklag**<br>21/57504 | Alversund musikklag stifta 1901 skal feira 120-års-jubileum med konsert i Alversund.<br>**Grunngjeving:** Grunna begrensa midlar i denne runden, vil ikkje dette prosjektet bli prioritert | 44.000 | 38.000 | **0** |
| **Manger skule-musikklag**<br>21/57781 | Manger skulemusikklag har i pandemien byrja å sende konsertane deira digitalt (youtube og streaming) Dette krev oppgradering av utstyr, og søkjer støtte til innkjøp av mikrofonar til føremålet.<br>**Avslag:** Manger musikklag fekk støtte til liknande prosjekt våren 2021. | 20.000 | 15.000 | **0** |
| **Samhald ll 4H**<br>21/56802 | Kvart år gjennomfører medlemmane eit prosjekt, anten åleine eller saman med andre. Dei vel sjølv tema for prosjektet, innanfor programområda helse, kultur, samfunn, natur, dyr og gardsliv, teknologi og mekking, entreprenørskap eller 4H-arbeid. Målet med prosjekta er å lære ved å gjere.<br>**Avslag:** Søknad er generell utan at det går fram konkret kva ein søkjar anna enn «prosjekt». Laget blir oppfordra til å søkje midlar ved neste frist 15.11. | 100.000 | ?<br>Sum det vert søkt om går ikkje fram av søknad | **0** |
| **Alverrevy**<br>21/57133 | Prosjektet omfattar oppstart og framføring av ny Alver Revy i 2022.Alver Revyen består av desse revygruppene; Hjelmås Revyen, Melandsrevyen, Sletta Revyen, Sæbø Revyen og Lindås Ungdomslag<br>**Grunngjeving:** Alverrevy representera kulturelt mangfald og samarbeid mellom 5 etablerte lag i Alver. Dette samarbeidet bidreg til utvikling av lokal kunst og kulturliv | 117.000 | 35.000 | **15.000** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Husebø-krinsen bygdelag** 21/56170 | Laget har fått fiberbredbånd lagt inn i Nordavinden å ønsker nå å kjøpe en større tv for å kunne ha mindre treff for å kunne se en fotballkamp, OL etc blant gruppene ungdom, voksne og eldre. **Avslag:** Grunna begrensa midlar, vil ikkje dette prosjektet bli prioritert Laget blir oppfordra til å søkje ved neste søknadsfrist 15.11. | 18.000 | 10.000 | **0** |
| **Alversund mållag** 21/56174 | Skal arrangere tre program i Nynorskdagane. Nynorsk pubkveld på Hagellia matstove, to stadnamnvandringar i Knarvik, 28/9 og 3/10, med kjentpersonar og føredrag om stadnamn av professor Gunnstein Akselberg. **Grunngjeving:** Grunna begrensa midlar, er det berre arr. om stadnamnvandring og arr. professor Gunnstein Akselberg som får tilskot. | 23.900 | 18.900 | **7.500** |
| **Alversund mållag** 21/56202 | **Avslag:** Det er sendt inn identiske søknadar 2 gongar – se søknad over 21/56174 | 23.900 | 18.900 | **0** |
| **Skodvin skule-musikk** 21/56396 | Skodvin skulemusikk treng nye pauker. Dei paukene dei har er ca 35 år, veldig tunge og ikkje mulig å stemme. Pauker er ei stor investering. **Grunngjeving:** barn og unge er ein prioritert gruppe | 46.000 | 30.000 | **17.000** |
| **.Ungdoms-laget Fremsteg** 21/56787 | Åpen scene på møteplass for ungdom. Der kan ungdommen fremføre sang, dans, standup, musikk og annet. Ein har behov for musikkinstrumenter, lys- og lydutstyr og sceneutstyr. Ungdommer vil få opplæring i bruk av utstyret for å styre lyd og lys **Avslag:** Barn og unge er ein prioritert gruppe | 70.000 | 20.000 | **8.000** |
| **Kløvheim F ungdoms lag** 21/56169 | Kjøpe eit nytt konsertanlegg, for å sleppe å leige dette inn eksternt til kvar gong dei har arrangement der dette nyttast. Eit av måla til laget er at ungdomshuset skal bli ei attraktiv scene i regionen, og då treng me dette. **Avslag:** Grunna begrensa midlar, vil ikkje dette prosjektet bli prioritert Laget blir oppfordra til å søkje ved neste søknadsfrist 15.11. | 350.000 | 250.000 | **0** |
| **Nordhord-land song- og musikkverkstad** 21/55134 | Opplæringsprosjekt som går gjennom hausten 2021 for unge talentar som solistar og jente/damekor som skal opptre på litlejulaftakonsert i Knarvik kyrkje saman med 5 profesjonelle musikarar **Avslag:** Grunna begrensa midlar i denne runden, vil ikkje dette prosjektet bli prioritert | 62.584 | 17.584 | **0** |
| | | | | **65.000** |

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 05.10.2021 | Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2021 - haust | 1622704 |

# ALVER KULTURRÅD

Alver kommune
Kulturkontoret

5. okt 2021

**Uttale frå Alver kulturråd på «innstilling kulturmidlar haust 2021»**

Alver kulturråd vil uttale seg på generelt grunnlag. Det har ikkje vore tid til ein grundig gjennomgang av tildelinga.

Vi vil først takke for at kulturkontoret inviterer leiar for Alver kulturråd til ei førehandsorientering kring kulturmidlane. Denne orienteringa er nyttig for å kunne sjå heilskapen når saka skal handsamast i Alver kulturråd sitt styre.

Alver kulturråd er nøgd med at kulturkontoret har ei tettare oppfølgjing av søknadane i høve kva som er drift og kva som er prosjekt. Tida det har tatt for å få på plass nye retningsliner har vore brukt bra for at tilskota skal treffe målet enda betre.

Framleis er det vanskeleg for Alver kulturråd å ta standpunkt til kulturmiddeltildelinga når det ikkje er ein historikk å samanlikne med. Spørsmål som dukker opp kan vere om kven som har fått tildelt midlar før, kor stor var summen då og kor stor del av kulturmidlane som blir brukt til korpsutstyr, grendahusinventar og lydutstyr. Det kan vere til god hjelp for Alver kulturråd om vi kan få tilsendt den endelege tildelinga etter politisk handsaming.

Alver Kulturråd har elles ingen særskilte merknader til innstillinga frå rådmannen.

Som tidlegare nemt så stiller kulturrådet seg til disposisjon i arbeidet med å koordinere tildelingar.
Alver Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd

Arild Hagenes
Styreleiar

Per Ole Ekker
Sekretær

**Epost**
kulturrad@alver.kommune.no

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-F08, TI-&13 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 01.10.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 060/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 12.10.2021 |
| | Alver kommunestyre | |

## Høyringssvar - forskrift for tilskot til frivilligsentraler

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre sender innspel til høyring om forskrift for tilskot til frivilligsentralar slik dei ligg i saka.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Bakgrunn**
Saka har bakgrunn i høyringsbrev om ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar, sendt frå Kulturdepartementet 11. august 2021, og med retting sendt 20. august. Frist for høyringssvar er 12. november 2021.

Frivilligsentralar har hatt statleg tilskot sidan starten i 1991, opphavleg som del av eit treårig prøveprosjekt. I det første året vart det etablert 91 frivilligsentralar, og i dag er det nærmare 480 sentralar i landet.

Radøy frivilligsentral vart etablert i 1992, Lindås fvs. i 1996 og Meland fvs. i 2010. Desse skifta namn til høvesvis Manger, Knarvik og Frekhaug frivilligsentralar i samband med kommunesamanslåinga. Dette tydeleggjorde den fysiske plasseringa jf. intensjonsavtalen, samstundes som både *Lindås* og *Meland* etter kommunesamanslåinga viser til stadar som er eit stykke frå dei faktiske plasseringane av sentralane.

Frivilligsentralar kan generelt vere privateigde eller drifta av ein kommune. Det sistnemnde er gjeldande for Alver, der alle tre sentralane inngår i den kommunale organisasjonen, under tenesteområde kultur, avdeling kulturutvikling, idrett og frivilligheit.

Statlege tilskot har vore oppretthaldt i heile perioden, og innebar opphavleg føresegn om ein dels separat driftsform. For kommunens del innebar det at rådmannen hadde personalansvar for tilsett (dagleg leiar) ved frivilligsentralen, mens styringa av sentralen gjekk føre med eige årsmøte (kommunestyret) og eit styre, som dagleg leiar rapporterte til. Styra var normalt samansett av representantar frå kommunestyret og frå frivilligheita.

Tilskota vart fram til 2016 utbetalt frå Kulturdepartementet, basert på dagleg leiars stillingsprosent. Alle dei tre frivilligsentralane i Alver har og har hatt tilsett i full stilling.

I 2016 vedtok Stortinget at ansvaret for tilskotet skulle overførast til kommunane, som del av oppgåveoverføringa i samband med kommunereforma. Tilskota vart overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I åra 2017 til 2020 vart tilskotet utbetalt til kommunane via rammetilskotet, utan særlege krav. Dette innebar at den tidlegare strukturen med årsmøte og eige styre fall vekk, og sentralane gjekk inn som en del av den ordinære drifta i line til rådmannen.

Frå 2021var tilskotet tenkt og fordelast etter innbyggjartal. Denne ordninga ville medføre at somme kommunar ville få lågare tilskotssum, og møtte motstand mellom anna frå KS. Stortinget vedtok at

Kulturdepartementet skulle handsame tilskota frå 2021, og i år har tilskotet vert handsama på same vis som i åra 2017-2020, men frå Kulturdepartementet.

Høyringa om ny forskrift må sjåast i lys av dette, der ein no ser fram mot ei langsiktig løysing for frivilligsentralane.

Det er ei sentral avklaring i at det ofte vert nytta omgrep som at sentralar er *eigde*, og får *overført tilskot frå kommunen*. Dette er ikkje gjeldande for ein kommunal sentral. Her er sentralen ein del av organisasjonen, vert drifta av kommunen, og der kommunen nyttar det statlege tilskotet til denne drifta.

**Saksopplysningar:**

Følgjande er Alver kommune sine innspel til Høyring om forskrift for tilskot til frivilligsentralar.

**Generelle innspel**
Alver kommune sine tre sentralar er medlemmar i Norges Frivilligsentralar. Alver kommune viser likevel til formuleringa i høyringsnotatets side 4, under *Departementets vurderingar,* om forankring av innspela i medlemsmasse, og vil understreke at departementet ikkje kan sjå på Norges frivilligsentralar som å representere Alver kommune på den måten det vert lagt opp til her, med ein representerande funksjon som del av formell prosess knytt til ny forskrift. Alver kommune er ikkje kjend med om våre faglege innspel til Norges Frivilligsentralar er reflektert i deira medverknad i prosessen.

Vidare er det viktig at ein tek godt omsyn til at det er ulike tilhøve og kontekstar for private og offentlege drifta frivilligsentralar, med eit stort mangfald i eigar- og organisasjonsformar. Fleire av punkta vil vere kompliserande for kommunalt drifta sentralar, minske handlingsrommet lokalt, kunne medføre uklare styringsliner, og føre med seg auka administrasjonskostnadar.

Alver kommune vil òg peike på konkrete juridiske utfordringar knytt til kommunelova og etablering av parallelle og alternative styringsformar av einingar direkte i kommuneorganisasjonen, som skildra i skriv til Norges Frivilligsentralar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet den 2. oktober 2020.

Dersom målet er å finne ein balanse mellom behovet for forskriftsstyrt tilskot på den ein sida og lokalt sjølvstyre på den andre, bør høyringsutkastet ta omsyn til etablerte og lovstyrte kommunale styringsmodellar. Høyringsnotatet viser til at ein med ny forskrift søkjer etter å styrke kommunanes koordinerande rolle, då må òg kommunane ha handlingsrom til å styre etter lokale behov, organisering og tilhøve, og ikkje minst innanfor gjeldande føresegn i øvrig lovverk.

**§1 Formål**
Alver kommune sluttar seg til formålsformuleringa, og ser generelt behovet for ei overordna formålsformulering.

**§4 Beregning av tilskudd – modell 1**
Alver kommune støtter modell 1, som ei føreseieleg ordning, i samsvar med slik tilskota har fungert tidlegare, og der tilskotet vert knytt til kvar konkrete sentral. Dette senkar òg terskelen lokalt for å etablere fleire sentralar, òg privateigde. Modellen er avhengig av total ramme, og det er viktig at denne følgjer konsumprisindeksen og tar høgde for etablering av nye sentralar.

**§4 Beregning av tilskudd – modell 4**
Alver kommune vil peike på at modellen vil kunne gi meir fleksibilitet lokalt, og kunne bidra til styrka fagmiljø, profesjonalisering og ein klarare rolle som lokalt kompetansesenter for frivilligheit. Eigar/driftar står her friare til å samorganisere fleire sentralar formelt, utan å miste tilskot.

Likevel vil kommunalt drifta sentralar frå før kunne samlast under ein overordna organisasjonsparaply, samarbeide på tvers og stå styrka i lag. Modellen vil truleg òg innebere at tilskota for somme kommunar vil bli lågare, og har risiko for å føre til sentralisering og svakare forankring i lokal frivilligheit. Terskelen vil vidare

vere høgare for organisasjonar som har ønskje om å starte ein frivilligsentral.

Alver kommune ser fleksibiliteten i modell 1 som god nok, og at ulempene ved potensiell reduksjon av tilskot kan vere store, særleg i kommunar med svakt økonomisk handlingsrom.

**§7 Krav til frivilligsentralen**

b. vere organisert under og driftast av ein kommune, ein eller fleire verksemder registrert i frivilligregisteret og/eller eit samvirkeføretak der samtlege medlemmar er kommunar og/eller verksemder registrert i frivilligheitsregisteret

Alver kommune vil peike på at det kan sjå ut til at det ikkje er samsvar mellom dette punktet og punkt c, d og h under, der organisasjonsmessige tilhøve vert definert på eit vis som vil vere krevjande for ein kommune å følgje opp.

c. Ha eit styre, avhalde årsmøte og ha eigne vedtektar
Alver kommune vil peike på at eit forsøk på å gjeninnføre eit slikt krav ikkje vil vere i tråd med prinsippa frå Meld. St. 10 (2018-2019), vist til på s. 3 i høyringsnotatet, om *forenklingsreform*. Eit slikt krav vil føre til meir administrasjon, parallelle styringsliner og eit krevjande landskap for frivilligheita å orientere seg i.

Alver kommune vil vidare peike på at §3 i utkastet sikrar involvering av frivilligheita i sentralane, utan at ein må danne nye formelle styringsorgan på sida av den etablerte og lovstyrte kommunale styringa. Slike parallelle liner kan vere lovstridige, føre med seg at avgjerdsprosessar for sentralanes innhald vert mindre gjennomsiktige, meir uklare og vil kunne gjere praktisk gjennomføring av tiltak meir krevjande.

Alver kommune vil peike på at dersom departementet ønskjer å gjeninnføre eit slikt krav, må ein skilje mellom privateigde og kommunalt drifta sentralar.

d. Ha eige rekneskap og årsrapport
Alver kommune vil peike på at ein kommunalt drifta frivilligsentral er del av kommunens heilskaplege årsrekneskap og -rapportar. Dersom ein med punktet meiner ei generell årleg rapportering for bruk av tilskotet, bør forskrifta peike til dette på ein meir konkret måte.

e. Ha tilgang på fysiske lokale
Alver kommune ser det som naturleg at forskrifta peiker til behovet for eigna lokale, som del av føresetnadane for ein god drift av frivilligsentralane.

f. Ha ein dagleg leiar
Alver kommune vil peike på at forskrifta ikkje bør legge føringar som kan verke inn på stillingstitlar eller stillingskodar, slik den står no i høyringsutkastet, og kommunane må stå fritt til sjølv å namngi stillingstitlar knytt til frivilligsentralar. *Dagleg leiar* peiker normalt til ein funksjon som rapporterer direkte til eit styre, og ikkje i ei lineorganisasjon.

g. Lokal finansiering på 40%
Alver kommune ser det som naturleg at det vert stilt krav om eigenfinansiering, men vil peike på at finansieringa av tilskotsordninga bør auke i takt med prisutviklinga. Kravet om lokal finansiering bør òg spegle seg i at ordninga ikkje vert for detaljstyrane for driftar av sentralane.

h. Ha eige organisasjonsnummer
Alver kommune vil peike på at tilskotet ikkje bør medføre krav om eigne organisasjonseiningar, t.d. kommunale føretak. Ein slik konsekvens vil ikkje tilføre ansvar til kommunane eller gjere forvaltinga av sentralane enklare, men komplisere drifta og krevje meir kostnadar til administrasjon. Dersom kravet peiker til underordna organisasjonsnummer, ser Alver kommune på dette som ein unødig styring av korleis kommunen organiserer sine tenester.

i. Benytte «frivilligsentral» eller likelydande i frivilligsentralens namn

Alver kommune ser det som naturleg at «frivilligsentral» vert nytta i namna.

**§8 Frivilligsentralens lokaler**
Alver kommune krev ikkje inn leige for aktivitetar for barn og unge, eller frivillige aktivitetar i skulebygg. Det er heller ingen tradisjon for å ta leige for frivilligsentralens lokale, men Alver kommune ser ikkje grunn til å forskriftsfeste dette av omsyn til likebehandlingsprinsippet og lokal styring av utlån- og utleige av kommunale bygg og lokale.

**§10 Rapport og rekneskap**
Alver kommune vil peike på at ordlyden i §10 ikkje treff for kommunalt drifta frivilligsentralar, og at det vidare er uklart kva ein skal rapportere for. Ei rapportering bør dreie seg om tilskotet er nytta etter dei føresetnadane som vert gitt i endeleg forskrift, og ikkje på sentralens generelle aktivitet og innhald, der mangfaldet er stort alt etter lokale behov.

## Vedlegg i saken:

| | | |
|---|---|---|
| 03.10.2021 | Høringsnotat, forskrift for tilskudd til frivilligsentraler, 20.08.21 | 1621379 |
| 04.10.2021 | Svar på spørsmål om forholdet mellom kommuneloven og de kommunale frivilligsentralene | 1621716 |

# Høringsnotat

# Ny forskrift om tilskudd til frivilligsentraler

Kulturdepartementet

12.08.2021
*Oppdatert 20.08.2021*

Frist for høringsuttalelser er 12.11.2021

## Innledning

Kulturdepartementet fremmer i dette høringsnotatet forslag om ny forskrift om tilskudd til frivilligsentraler.

I tråd med regjeringens frivillighetspolitiske målsetninger skal den nye ordningen for tilskudd til frivilligsentraler være enkel, effektiv og gi rom for lokale prioriteringer. I den nye forskriften beholder kommunen mye av ansvaret for forvaltning av tilskuddet til frivilligsentraler, men i tråd med Stortingets vedtak nr. 724 17.juni 2020 øremerkes tilskuddet til frivilligsentraler.

## Bakgrunn

Frivilligsentralene oppstod som et prøveprosjekt i 1991 og er siden blitt utvidet til 481 frivilligsentraler i 313 kommuner. 43 kommuner har ikke frivilligsentral. Om lag halvparten av frivilligsentralene er kommunalt eid. Den andre halvparten er drevet av lag og foreninger, stiftelser eller andre organisasjonsformer, der kommunen er i større eller mindre grad involvert. Budsjettrammen for ordningen har økt vesentlig de seneste årene, fra ca 114 millioner kroner i 2013 til omtrent 207 millioner kroner i 2021.

Frivilligsentralene er lokale møteplasser som knytter enkeltmennesker og organisasjoner sammen for å skape et godt frivillig miljø, gode aktivitetstilbud og et godt samarbeid med lokal offentlighet. Ifølge tall fra Norges Frivilligsentraler organiserer frivilligsentralene over 55 000 frivillige som til sammen yter mer enn 2 200 årsverk med frivillighet.

Frivilligsentralene har vært tema for flere rapporter de siste årene. I 2012 kom Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor med rapporten *Frivilligsentralen i nærmiljøet: Konkurrent eller katalysator?.* Rapporten beskriver utfordringer knyttet til frivilligsentralenes økonomi, lokaler, eierskap og forankring. Gjennom casestudier av frivilligsentraler trekker rapporten frem en rekke kritiske momenter som er til hinder for at frivilligsentralene kan utvide sin virksomhet. Særlig ble det pekt på et behov for kompetanseheving av daglige ledere for at frivilligsentralene skulle møte sammensatte og sektorovergripende behov i kommunen

I 2014 skrev Håkon Lorentzen notatet *Frivilligsentralene og fremtiden* for KS. Der trekker han frem intensjonen om at frivilligsentralen skal være "bindeledd og kontaktpunkt" for frivillige aktører, som har ligget til grunn i ordningen helt siden 1991. Han mener det viktigste vilkåret for at frivilligsentralene skal kunne fylle en rolle som koordinerende bindeledd er at de ikke oppfattes som "konkurrent, men som et serviceorgan, et ledd som kan stimulere nytenking og aktiviteter, både i og utenfor etablert foreningsliv". Han trekker frem at frivilligsentralene kan bistå sine samarbeidspartnere med kunnskap og kompetanse, de kan lede samarbeidsfora, bidra til oppstart av nye prosjekter og til å finne nye finansieringskilder. Videre beskriver han hvordan foreninger og kommuner må få bidra til å forme frivilligsentralens mandat og at representanter for disse bør inkluderes i styrende organer.

I 2020 skrev NORCE rapporten *Frivilligsentralenes kjennetegn og betydning i storbyene*[1] på oppdrag fra KS/Program for storbyrettet forskning ved Bergen kommune. Rapporten ser

---

[1] NORCE Rapport samfunn 18-2020 Frivilligsentralenes kjennetegn og betydning i storbyene.pdf (unit.no)

spesifikt på hvilken rolle frivilligsentralene i storbyene har og hvilke utfordringer de står overfor. Rapporten peker blant annet på at det er store forskjeller mellom hvilke oppgaver frivilligsentralene tar på seg, men at de har en viktig rolle i å engasjere uorganiserte frivillige. Oppgavene varierer fra frivilligsentraler som hovedsakelig organiserer og rekrutterer frivillige til egne aktiviteter til frivilligsentraler som har en *clearinghouse*funksjon, der de tilrettelegger for det eksisterende organisasjonslivet i bydelen.

Rapporten peker videre på at det er viktig med "god lokal kunnskap om det eksisterende organisasjonslivet og de roller, funksjoner, aktiviteter og målgrupper som dekkes og ikke dekkes" for å unngå unødvendig konkurranse mellom frivilligsentraler og lokale frivillige organisasjoner. Økt kunnskap om udekkede behov i lokalsamfunnet kan gi frivilligsentralene et bedre grunnlag for å utvikle sin aktivitet i sin posisjon mellom kommune og frivillighet.

Dersom man ønsker at flere frivilligsentraler skal gå i retning av å være et bindeledd og en ressurs for frivillige organisasjoner i nærområdet peker rapporten på at måleparametrene for frivilligsentralene må reflektere dette.

Frem til 2017 ble tilskuddet til frivilligsentraler fordelt over Kulturdepartementets budsjett. Tilskuddet ble beregnet ut fra stillingsprosenten til daglig leder ved frivilligsentralen.

I 2016 vedtok Stortinget at ansvaret for tilskudd til frivilligsentraler skulle overføres til kommunene, som en del av oppgaveoverføringen i kommunereformen[2]. Målsetningen var å gi kommunene flere virkemidler og økt ansvar i frivillighetspolitikken. Tilskuddet ble overført fra Kulturdepartementet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og i en overgangsperiode på fire år ble tilskuddet fordelt i rammetilskuddet til kommunene med særskilt fordeling til frivilligsentraler. Ut over at tilskuddet skulle gå til frivilligsentraler var det ingen krav til bruken av midlene i denne perioden. Fra 2021 skulle tilskuddet inngå i innbyggertilskuddet.

KS støttet at tilskuddet skulle kanaliseres og forvaltes av kommunesektoren, men var motstandere av at tilskuddet skulle fordeles etter innbyggertallet alene fordi mindre kommuner ville få betydelig mindre tilskudd. Norges frivilligsentraler ønsket at tilskuddet fortsatt skulle fordeles som en fast sum per frivilligsentral.

17.juni 2020 fattet Stortinget vedtak nr. 724:
*"Stortinget ber regjeringen sørge for at finansiering av frivilligsentraler overføres til et øremerket tilskudd på Kulturdepartementets budsjett fra 2021 for å sikre finansiering til frivilligsentraler i både små og store kommuner."*

Med dette vedtaket gikk Stortinget bort fra planen om at tilskuddet skulle innlemmes i innbyggertilskuddet. I 2021 blir tilskuddet fordelt etter samme nøkkel som i overgangsordningen og øremerket frivilligsentraler. Fra 2022 skal midlene fordeles etter den nye ordningen.

---

[2] Innst. 333 S (2014–2015)

**Sentrale frivillighetspolitiske målsetninger**
I Meld. St. 10 (2018–2019) *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig* (heretter omtalt som frivillighetsmeldingen) slår regjeringen fast at frivillighetens selvstendighet er et grunnleggende prinsipp i frivillighetspolitikken. Staten skal ikke styre frivilligheten, men legge til rette for aktivitet. For å få til det, har regjeringen satt fire mål for den statlige frivillighetspolitikken:

1. ***Bred deltakelse***
   Frivillig innsats er en kilde til fellesskap, demokratiutøvelse og kompetanse. Regjeringen vil at denne kilden skal være tilgjengelig for alle, uansett kjønn, etnisitet, inntekt, funksjonsnivå eller interessefelt.
2. ***En sterk og uavhengig sektor***
   Regjeringen vil legge til rette for en sterk og uavhengig sektor som vokser nedenfra. Det innebærer blant annet å styrke de brede støtteordningene og ha klare og tydelige kriterier for tilskudd.
3. ***Forenklingsreform***
   Det skal være enkelt for frivilligheten å søke, ta imot og rapportere på offentlig støtte.
4. ***En samordnet frivillighetspolitikk***
   Et godt samspill med offentlige myndigheter skal bygge opp under frivillig aktivitet.

Innretningen av tilskuddsordningen for frivilligsentraler skal bygge opp under disse målene.

## Departementets vurderinger
Departementet ser et behov for å tydeliggjøre hva tilskuddet er ment å støtte opp om og hvordan dette tilskuddet skiller seg fra ordinære driftstilskudd til frivillige organisasjoner.

Til utarbeidelsen av nytt regelverk for tilskuddsordning til frivilligsentraler har Kulturdepartementet innhentet innspill fra Norges Frivilligsentraler, Frivillighet Norge og KS. Norges frivilligsentraler og KS har forankret innspillene i sin medlemsmasse. Nedenfor følger en redegjørelse av sentrale grep og valg som er tatt.

**Formål med ordningen**
Målsetningen med den nye forskriften for tilskudd til frivilligsentraler er å skape gode og forutsigbare rammevilkår for frivilligsentraler slik at de kan stimulere til frivillig innsats, være åpne møteplasser for befolkningen og være et bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

Frivilligsentralene har historisk oppfylt flere roller. Kulturdepartementet ønsker i forskriften å tydeliggjøre målsetningen med tilskuddet til frivilligsentraler, samtidig som vi gir økt lokalt handlingsrom og mer ansvar til kommunene for hvordan målene skal nås.

Rollen som bindeledd mellom kommune og frivillig sektor er tydeliggjort i denne forskriften. Det innebærer at frivilligsentralen må samarbeide både med kommunen og med lokale lag og foreninger. Frivilligsentralen bør ikke kun rekruttere frivillige til egne aktiviteter, men også være en tilrettelegger for frivillig aktivitet i kommunen. Kulturdepartementet mener at denne

rollen er viktig for å stimulere til frivillig aktivitet, fordi den kan bidra til økt aktivitet også i det lokale organisasjonslivet.

Kulturdepartementet har videre lagt vekt på frivilligsentralenes funksjon som møteplasser. Denne funksjonen kan styrkes blant annet gjennom å legge opp til at frivilligsentralens lokaler i større grad kan benyttes av det lokale organisasjonslivet.

Behovene en frivilligsentral kan være med på å møte vil variere fra lokalsamfunn til lokalsamfunn. Kunnskap om disse behovene er nøkkelen for å lykkes som frivilligsentral. Kulturdepartementet legger derfor opp til økt lokalt handlingsrom for kommunene.

Kulturdepartementet har valgt å ikke inkludere en definisjon på frivilligsentraler. Forskriften skal ikke regulere hvem som kan kalle seg en frivilligsentral, men hvilke krav som må være oppfylt for å få tilskudd fra staten i denne tilskuddsordningen.

**Styrke frivilligsentralen som selvstendig enhet**
